



Har du Søndagsskuleboka di ? Her er Tekstboka frå kyrkjeåret 1962/63 og 1963/64.

Nelly og Jon Harald Kjærland har med god hjelp drive søndagsskule i 30 år. Tidleg i september startar dei sitt 31. arbeidsår. Eit historisk attendesyn syner at oppstarten var tidleg på 1900 talet. Haugland krins vart nedlagt i 1967, straks etter borna vart overført til Uskedal skule.

Lærarane Andreas A. Haugland og Sigurd L. Haugland var to sentrale personar i drifta av søndagsskulen i den øvre krinsen. God hjelp hadde dei av Hildur Haugland (g. Fjose) og Torunn Haugland (g. Kjærland)

Uskedalen søndagsskule vart offisielt starta i 1914. Lærar og klokkar Jørgen Thunold dreiv fram til Johan Omvik overtok. Han hadde same funksjonen som Thunold, lærar og klokkar. Mange hjelpte til, mellom anna Amund T. Myklebust og Kari Bringedal. Jon Holte heldt fram etter Omvik fram til han flytta frå bygda. Etter det dreiv Peder Kjærland søndagsskulen i mange år.

Etter ein liten stopp tidleg på 1980 talet har Nelly og Jon Harald Kjærland vore ansvarlege for søndagsskulen. Nytt arbeidsår tek til måndag 5. september. Frammøte den første gongen er i kyrkja, og samlinga er frå kl. 17 til 18.15. Grunnen til dette er at søndagsskulen samarbeider med trusoppplæringa om eit opplegg for 4-, 5- og 6-åringane. Borna er delte i to grupper, Gullivergjengen og Tårnagentane. Seinare vert bedehuset base for søndagsskulen slik som før.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal